



Bygginga av denne bustaden har gått raskt og no er innflyttinga skjedd

Denne veka har det vore innflytting i den fyrste, nye bustaden i Øvre Halsabrotet og Konstane Tveit har vore den heldige. Huset hennar, som ligg lengst nede i området, har ein fantastisk utsikt.



[Tomteopparbeidinga lenger oppe er igang](#)

Det skal reisast ein tomannsbustad der Inger Lise Helgeland bur - like ovanfor. - og opp for denne kjem 3 einebustader. Opparbeidinga av tomtene her er no igang.

Det er Erlend Bjørnebøle og Magne Huglen som eig bustadområdet Øvre Halsabrotet. Av kommunejournalen går det no fram at Huglen godtar at Bjørnebøle startar oppføring av tomannsbustaden som går inn på hans grunn før han har overteke skøyte på tomta.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen